



Tyssevegen 217 - 5650 TYSSE  
Tlf. 97094408  
[www.samnanger-naering.no](http://www.samnanger-naering.no)

**Samnanger Kommune**  
Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

Samnanger 19.11.2025

**Uttale frå Samnanger Næringsforum, forslag til områdeplan for Bjørkheim handels- og serviceområde. Plan-Id 4623-124201001-1, jf PBL § 12-10. Høyringsfrist 24.11.2025**

**Generelt:**

Samnanger Næringsforum meiner planforslaget er viktig for å vidare utvikle Bjørkheim område for vekst innan handel, service og bustad. Planen legger også til rette for tettstadsvekst. Når det gjeld trafikktryggleik er det foreslått fleire gode løysningar som vi vil kommentere i denne uttalen. Det er satt av areal til to møteplassar som kan lage grunnlag for forskjellige aktivitetar på området, samt oppgradering av parkanlegget i Vågen. Park og sti mellom Teigavika og båthamn ved kro og motell er også gode forslag

**Framtidsretta plan.**

Samnanger Næringsforum meiner planen kan være ytterlegare framtidsretta. Dette kan være for eksempel maritim utbygging i framtida. Det er derfor viktig å ikkje blokkere moglegheitene for dette, eller gjæra det spesielt vanskeleg, samt påverke eksisterande bygg ved en slik utbygging. Om mogleg bør ein vurdere om vann sonen på Bjørkheim kan avsetas til Hamn i neste kommunedels areal plan.

**Kombinasjon næring/bustad.**

Planen inneheld nokre kombinasjons områder, men kan innehalde fleire moglegheiter for næring og bustad . Bustadsone BF1, BF2, BF3, BK1, BK2 og BK3 bør leggjast over i B/F/K for lettare å kunne bygge ut disse sentrale områda på Bjørkheim, med kombinerte løysningar.

**Trafikktryggleik:**

Den foreslått endringa med opphøgde fortau på begge sider av hovudvegen, (frå avkøyringa til fv49, med midtrabatt over fv49), kan føre til at det ved avkøyring mot Vågabyda (kryss mellom Fv.49 og Fv.5132), vil danne seg kø mot gangfeltet bak. Avbøtande tiltak (Fks. lysregulert) kan verta aktuelt når ein får erfaring med den foreslått løysinga.

**Arealbehov:**

Bjørkheim området er avgrensa og kommunen bør vurdere om det kan brukas overskotsmassar frå fleire framtidige prosjekter i Samnanger/Bergen, spesielt i bukta øst for området.

For å avklare våre synspunkt og kommentarar ytterlegare kan me, om ynskjeleg, stille på et møte med kommunen.

Med beste helsing  
For styret i Samnanger Næringsforum